



Planføresegner for
DETALJREGULERINGSPLAN FOR
OMONDJORDET MASSETAK

Planid. 34340006

Kunngjering start av planarbeid:	27.06.2023
Plankart revidert	14.03.2024
Kommunestyrets vedtak:	XX.XX.20XX

Felles plankontor for Lom og Skjåk kommune.

Innhald

1.	INNLEIING	3
2.	REGULERINGSFORMÅL	3
3.	OMSYNSSONER	3
4.	AREALBRUK	4
4.1	GENERELLE FØRESEGNAR	4
4.1.1	BYGGEGRENSE MOT MEADALSVEGEN	4
4.1.2	AVGRENSING AV PERIODE FOR STØYANDE AKTIVITET	4
4.1.3	KULTURMINNE	4
4.2	BYGNAD OG ANLEGG	4
4.2.1	RÅSTOFFUTVINNING (BR)	4
4.3	SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR	5
4.3.1	KØYREVEG (SKV)	5
4.3.2	ANNAN VEGGRUNN – GRØNTAREAL (SAG)	6
4.5	LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE	6
4.5.1	LANDBRUK (L)	6
5.	OMSYNSSONER	6
5.1	FARESONER	6
5.1.1	FARESONE – FLAUM (H320)	6

1. INNLEIING

I medhald av plan- og bygningslovas § 12-7 gjeld desse reguleringsføresegnene for de områda som på plankartet er avgrensa med plangrense.

Planområdet er regulert som detaljregulering i samsvar med plan- og bygningslovens § 12-3.

Det regulerte området er vist med plangrense på kart, datert 12.02.2024, med en målestokk på 1:1.000 ved utskrift i A3-format.

2. REGULERINGSFORMÅL

I medhald av plan- og bygningslovens § 12-5 er området regulert til følgjande formål:

BYGNAD OG ANLEGG (PBL § 12-5, nr. 1)

- Råstoffutvinning (sosi 1200)

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5, NR. 2)

- Køyreveg (sosi 2011)
- Annan veggrunn – grøntareal (sosi 2019)

LANDBRUKS- NATUR OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT (PBL § 12-5, NR. 5)

- Landbruksformål (sosi 5110)

3. OMSYNSSONER

I medhald av plan- og bygningslovens § 12-6 er området regulert til følgjande omsynssoner:

FARESONE

- Faresone flaum (sosi 320)

4. AREALBRUK

I medhald av plan- og bygningslovens § 12-7 gis følgjande føresegner om bruk av areal, bygningar og anlegg innafør planområdet:

4.1 GENERELLE FØRESEGNER

Planen regulerer område for råstoffutvinning (uttak, behandling og lagring av masser) med tilgrensande areal.

4.1.1 BYGGEGRENSE MOT MEADALSVEGEN

Byggegrense mot Meadalsvegen er teikna inn på plankartet, og er 10 meter frå vegens senterline på kvar side av veggen.

4.1.2 AVGRENSING AV PERIODE FOR STØYANDE AKTIVITET

I perioden fom. 15.02 tom. 30.06 skal det ikkje gjennomførast støyande aktivitet knytt til knusing og sortering av massar i planområdet av omsyn til freda fuglearter som hekkar i nærområdet.

4.1.3 KULTURMINNE

Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i området. Dersom det i forbindelse med tiltak i marka oppdagast automatisk freda kulturminne som tidelegare ikkje er kjent, gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stanses i den grad det rårer kulturminna eller deira sikringssone på 5 meter. Melding om funn skal straks sendes Innlandet fylkeskommunes kulturvernavdeling, jf. lov om kulturminne § 8, annet ledd.

4.2 BYGNAD OG ANLEGG

4.2.1 RÅSTOFFUTVINNING (BR)

- a) I område for råstoffutvinning (BR1) er det tillate uttak, knusing og lagring av lausmasse (grus, stein og sand) med utgangspunkt i ressursane i uttaket og for bruk på veganlegget Meadalsvegen.
- b) Drift av uttaket skal skje i samsvar med godkjent driftsplan, og det må innhentast konsesjon for å drive uttaket frå Direktoratet for mineralforvaltning (DMF).
- c) Yttergrensa for masseuttak skal følgje formålsgrensa og tilpassast med skråning mot eksisterande terreng. Nedre grense for uttak av attverande massar skal ligge minimum 1 m høgare enn Meadalsvegen.
- d) Drift i massetaket kan skje på kvardagar måndag – laurdag kl. 07:00 – 19:00. Opplasting og transport kan skje på alle dagar kl. 07:00 - 23:00. Fom. 15.02 tom. 30.06 skal det ikkje gjennomførast støyande aktivitet knytt til knusing og sortering av massar av omsyn til freda fuglearter som hekkar i nærområdet.

- e) Verksemda i uttaket sitt bidrag til støy skal ikkje overskride grenser som går fram av forureiningsforskrifta § 30-7. Utslepp av steinstøv/støv/partiklar frå skal ikkje medføre at mengde nedfallsstøv overstig grenser som går fram av forureiningsforskrifta § 30-5. Eventuelt utslepp til vatn (til dømes avrenning etter vatning for å unngå støvflukt) skal ikkje overstige oppgjevne grenseverdiar eller skje i strid med det som går fram av forureiningsforskrifta § 30-6.
- f) Det vil vere tillate å oppføre midlertidige bygg som er naudsynte for drift av massetaket (arbeidsbrakke, lager for reiskap og liknande). Slike midlertidige bygg krev ikkje søknad eller byggeløyve så lenge det kan godtjerast at det er reelt behov for det midlertidige bygget for drifta av massetaket, jf. byggesaksforkrifta § 4.2. Midlertidige bygg skal plasserast innfor byggegrensene som er avlagt på plankartet (byggegrense 10 m frå senterlina av Meadalsvegen). Ved oppføring av slike midlertidige bygg skal det bli nytta materialar og fargar som heng saman med naturen. Lyse eller sterkt avvikande signalprega fargar, som gir store kontrastverknadar mot omgivnaden, er ikkje tillate. Kommunen kan gi pålegg om at det midlertidige bygget fjernast, dersom det er oppført i strid med formålet eller er til vesentleg ulempe for omgivnaden.
- g) Det kan bli sett opp gjerde på oversida av der det blir teke ut masse for å unngå at folk dyr kjem utfor brotkanten og skadar seg. Nærare reglar om gjerde blir fastsett i driftsplan.
- h) Området skal ikkje nyttast til lagring eller behandling av massar som tilførast utanfrå som betong, asfalt og liknande. Lagring av skrot og søppel er ikkje tillate.
- i) Innafor arealet avsett for råstoffutvinning, må drivar av uttaket sørge for nødvendig drenering for overvatn og grunnvatn. Dersom vatnet ikkje kan infiltrerast i grunnen innafor området, skal vatnet førast til avløp til bekk/vassdrag. Anlegg for overvatn skal dimensjonerast for framtidig nedbørsauke på 40 %.
- j) Plan for revegetering og terrengforming skal bli utarbeidd som ein del av driftsplanen.
- k) Når uttak og lagring av uttekne lausmassar vert avslutta, skal det gjennomførast opprydding og istandsetting i samsvar med godkjend driftsplan. Avdekkingsmassar og jord skal nyttast for reetablering til landbruks-/skogbruksformål. Overgang mot eksisterande terreng skal avsluttast med skråning 1:1,5.
- l) Seinast 2 år etter ferdig uttak av grusmassar eller avvikling av gruslager, skal området vere ferdig rydda og sett i stand. Området skal ryddast for maskinar, utstyr, skrapmassar og liknande. Eventuelle bygningar knytt til drifta skal fjernast.
- m) Når masseuttaket er avvikla, skal arealet nyttast som landbruksområde, og følgje regelverk knytt til dette gjeve i føresegnenes kap. 4.5 under.

4.3 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.3.1 KØYREVEG (SKV)

- a) Reguleringsføremålet omfattar Meadalsvegen som er privat bomveg og er regulert med vegbreidde på 5 m.

- b) Det er regulert to avkøyrslar til område for råstoffutvinning BR1 som visast på plankartet. Desse er også vist med pilsymbol for avkøyrsel, og skal tene både for køyring inn og ut av området.
- n) Ved utbetring opparbeidast vegen med stikkrenner og grøfter som er dimensjonert for framtidig nedbørsauke på 40 %.
- c) Omdisponering mellom underformåla køyreveg og annan veggrunn - grøntareal vil kunne tillatast.
- d) Der det er nødvendig, skal vegrekkverk etablerast.

4.3.2 ANNAN VEGGRUNN – GRØNTAREAL (SAG)

- a) Arealformålet omfattar sidearealet til Meadalsvegen. Areal skal nyttas til nødvendig grunn til samferdselsanlegg utanom vegbana for å ivareta anlegget sin funksjon og samstundes ha eit grønt preg.
- b) Teknisk infrastruktur kan etablerast innafor formålet.

4.5 LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE

4.5.1 LANDBRUK (L)

- a) På areala kan det drivast landbruksnæring, samstundes med at områda kan nyttast til friluftsliv.
- b) På areala er det forbode med nye tiltak som nemnt i § 20-1 bokstav a, d, k, l og m, som ikkje har tilknytning til landbruk.

5. OMSYNSSONER

I medhald av plan- og bygningslovens § 12-6 gis følgjande føresegner til omsynssoner innafor planområdet:

5.1 FARESONER

5.1.1 FARESONE – FLAUM (H320)

Faresone for flaum H320_1, omfattar aktsemdsområde for flaum langs bekk gjennom området slik det er vist på kart frå NVE. I faresona er det ikkje tillate med byggetiltak, jf. PBL. § 1-6. Dersom det skal bli gjeve løyve byggetiltak (PBL. §1-6) innafor faresona, skal tilstrekkeleg sikkerheit mot flaum eller erosjon i samsvar med sikkerheitsklassar og sikkerheitskrav gitt i byggtknisk forskrift (TEK), vere dokumentert ivareteke gjennom fagleg tilfredsstillande sikring før byggearbeidet kan starte.